

STATENS VEGVESEN

Att: Vegdirektoratet Myndighet og regelverk  
Brukerfinansiering  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Ugradert

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

FERDE00700

11.04.2022

## Søknad om prisjustering av takstane i Bypakke Nord-Jæren (Bymiljøpakken)

Ferde viser til Prop. 47 S (2016 – 2017) om finansiering av Bypakke Nord-Jæren i Randaberg, Sandnes, Sola og Stavanger kommunar i Rogaland. I proposisjonen står det at takstane skal justerast i samsvar med prisutviklinga. Styringsgruppa i Bymiljøpakken har i sak 49/2021 gjeve Ferde oppdrag/fullmakt til å søka om prisjustering når «prisøkning i forhold til konsumprisindeks er oppnådd og når denne utgjør en hel krone på ordinær takst».

Takstane i Bypakke Nord Jæren (Bymiljøpakken) vart sist prisjusterte 1.januar 2022 basert på takstvedtak frå Vegdirektoratet frå 9.november 2021, Dykkar ref. 20/7541-9. Takstendringa var då basert på prisendringa frå januar 2020 til februar 2021. Realisert snitttakst i 2021 var 12,0 kr. Lokalt «fastsatt» snitttakst (frå byvekstavtalen) er 12,1 2020 kr og snittaksten frå Prop. 47 S (2016 – 2017), som er den offisielt gjeldande snittaksten som det er høve til å takstjustera opp mot, er 20 2016 kr.

Ferde legg opp til å prisjustera takstane med kpi - indeksen frå februar 2021 til februar 2022. Prisveksten frå februar 2021 til februar 2022 er 3,66 %. Ferde foreslår å endra grunntakstane i Bypakke Nord Jæren (Bymiljøpakken) slik:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Takstar per i dag	24	60
Framlegg til nye takstar	25	62

I samsvar med «veiledaren» er grunntakstane avrunda til nærmaste heile krone.

Rabatt- og fritaksordningane gjeld som tidlegare fastsett. Ferde legg opp til at takstane kan endrast tidlegast 4-6 veker etter at takstvedtaket er gjort. Ut frå statistikkføremål ønskjer me å gjera takstendringa i eit månadsskifte.

Vedlagt følgjer utrekningsgrunnlaget for takstendringa.

### Ferde AS

● POSTADRESSE:  
Postboks 2623  
5836 BERGEN

● ORG.NR: 918 012 745

● TELEFON: 55 90 14 00

● WEB: <https://ferde.no/>

Med helsing

Trond Juvik  
Administrerende direktør

Bjørn Inge Midtgård  
Myndighetskontakt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til:**  
Sekretariatet i Bymiljøpakken